

## SAKSVEDLEGG GENERALFORSAMLINGA 30.03.2016

### Sak 5.2016 Årsoppgjer for 2015

Delårsrapport 4. kvartal 2015 og førebels årsrekneskap 2015 presentert på Oslo Børs 12.02.2016.

### Sak 5.2016 c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2015

## Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2015

Me erklærer etter beste overtyding at årsrekneskapet 2015 er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar òg at opplysningane i rekneskapet gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at årsmeldinga gjev ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står overfor i 2016.

Årdalstangen den 08. mars 2016.

*Siri H. Lagmannsås (s.)*  
Styreleiar

*Siv Enerstvedt (s.)*

*Jorunn Irene A. Nilssen (s.)*

*Morten Kristiansen (s.)*

*Ingeborg Indrelid (s.)*

*Egon M. Moen (s.)*  
Adm. Banksjef



INDRE SOGN  
SPAREBANK

## Sak 5.2016 d) Revisjonsmelding 2015



Til forstandarskapet i Indre Sogn Sparebank

### Melding frå revisor

#### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Indre Sogn Sparebank, som er samansett av selskapsrekneskap og konsernrekneskap. Selskapsrekneskapen og konsernrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap, endringar i eigenkapitalen og kontantstraum for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

#### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på grunnlag av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Indre Sogn Sparebank per 31. desember 2015, og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.



INDRE SOGN  
SPAREBANK



Melding frå revisor - 2015 - Indre Sogn Sparebank, side 2

#### **Fråsegn om andre tilhøve**

##### *Konklusjon om årsmeldinga og om utgreiing om føretaksstyring og samfunnsansvar*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Førde, 8. mars 2016  
**PricewaterhouseCoopers AS**

  
Jan Flølo  
Statsautorisert revisor



INDRE SOGN  
SPAREBANK

## Sak 5.2016 e) Årsmelding frå kontrollkomiteen 2015

### Årsmelding frå kontrollkomiteen i Indre Sogn Sparebank

Kontrollkomiteen har i alt hatt 6 møte. Referat med merknader frå møta er innførde i protokollen. Kopi av referata er sendt til leiar i forstandarskapet, styreleiar, revisor og adm. banksjef.

Kontrollkomiteen har ført tilsyn med at banken si verksemd er dreven i samsvar med lov og forskrift, banken sine vedtekter, forstandarskapet sine vedtak og andre vedtak og retningslinjer som banken har plikt å retta seg etter.

Komiteen har gått gjennom styret sine protokollar og elles føreteke dei kontrollar som er fastsett i lov om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner, lov om sparebanker og instruks for kontrollkomiteen.

Kontrollkomiteen har gått gjennom styret si årsmelding og resultatrekneskap og balanse med notar, utan at dette gjev grunn til merknader.

Kontrollkomiteen vil tilrå at resultatrekneskap og balanse vert fastsett som banken sitt rekneskap for 2015.

Årdalstangen, 9.03.2016




Gunnar O. Hæreid



Sølvi Hatlevoll Nundal



Mona Nytn



Inger Molland Bøe

## Sak 5.2016 f) Årsoppgjersdisposisjonar

### STYRESAK 07.2016:

Styret tilrår generalforsamlinga å disponera årsresultatet 2015 som følgjer:

|                                                          | i 1.000 kr. |
|----------------------------------------------------------|-------------|
| Driftsresultat før skatt                                 | 21.407      |
| Skattekostnad                                            | 3.933       |
| Resultat etter skatt = grunnlag for utbetaling av utbyte | 17.474      |
| Utvida resultat:                                         |             |
| Pensjonskostnad                                          | -929        |
| Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal              | 9.509       |
| Totalresultat for rekneskapsåret                         | 26.054      |
| Disponeringar:                                           |             |
| Utbyte på eigenkapitalbevis                              | 2.530       |
| Overført til sparebankens fond                           | 11.711      |
| Overført til utjamningsfondet                            | 3.233       |
| Overført til fond for urealiserte vinstar                | 9.509       |
| Overført frå sparebankens fond                           | 929         |
| Overført frå utjamningsfondet                            | 0           |
| Overført til gåvefondet                                  | 0           |
| Sum disponert                                            | 26.054      |

Denne disponeringa gir eit utbyte på NOK 4,00 pr. eigenkapitalbevis. På grunnlag av det tilrår styret generalforsamlinga å fastsetta utbyte for 2015 til NOK 4,00 for kvart eigenkapitalbevis.

Styret ber generalforsamlinga om fullmakt til å dela ut NOK 500.000 frå gåvefondet i 2016.

## **Sak 7.2016 Rapport frå Gåveinstituttet 2015**

Vedlegg: Rapport frå Gåveinstituttet 2015

### **STYRESAK 20.2016:**

Styret tek rapporten til orientering og legg han fram for generalforsamlinga 30.03.2016. Styret vedtek å tilrå generalforsamlinga å ta rapporten til orientering  
Eige vedlegg: Rapport Gåveinstituttet 2015

## **Sak 8.2016 Fullmakt kjøp av egne eigenkapitalbevis**

### **STYRESAK 08.2016:**

Styret tilrår generalforsamlinga å gi styret følgjande fullmakt:

1. Styret i Indre Sogn Sparebank får fullmakt til, på vegne av selskapet, å kjøpe egne eigenkapitalbevis for samla pålydande inntil NOK 6.325.000 som tilsvarar 10 % av den noverande eigenkapitalbeviskapitalen.
2. Høgaste sum som kan betalast per eigenkapitalbevis er NOK 100,-, minste NOK 50,-.
3. Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis kan skje slik styret finn det føremålsteneleg. Kjøp skal skje over børs.
4. Fullmakta gjeld i 12 månadar rekna frå møte i generalforsamlinga den 30. mars 2016.
5. Dersom egne eignekapitalbevis blir selde, gjeld fullmakta òg kjøp av egne eigenkapitalbevis til erstatning for dei selde, så lenge summen av egne eigenkapitalbevis ikkje overstig 10 % grensa.

**Sak 9.2016 Val i samsvar med lover og vedtekter**  
Vedlagt føl utskrift protokoll valnemnd.

## **PROTOKOLL FRÅ MØTE I VALNEMNDA FOR GENERALFORSAMLINGA SITT VAL I INDRE SOGN SPAREBANK**

Møte i valnemnda for generalforsamlinga i Indre Sogn Sparebank vart halde i banken på Årdalstangen fredag 29.01.2016 kl. 09.00.

**Desse møtte:**

Anne Inge Nedrehegg (Leiar)  
Ståle Øvstetun  
Malene Ålhus

**Forfall:**

Niels H. Larsen

**Sekretær:** Karin Vikane

**Desse sakene vart handsama:**

Innstilling til valmøte kundeval 24. februar 2016, valmøte eigenkapitalbeviseigarar 24.02.2016, og generalforsamling 30.03.2016.

**På val er:**

**1. TIL VALMØTE KUNDAR (KUNDEVAL) 24.02.2016**

**a) Varamedlemer kundevalde generalforsamling**

På val: 1. Martin Andersen (Årdal) for perioden 2016-2018  
2. Ragnar Sanden (Lærdal) for perioden 2016-2017

Framlegg: 1. Martin Andersen (Årdal) for perioden 2016-2018  
2. Inger Bakken (Lærdal) for perioden 2016-2017

**2. TIL VALMØTE EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE 24.02.2016**

**a) Medlem eigenkapitalbeviseigarvalde generalforsamling**

På val: 1. Nytt medlem for perioden 2016-2018

Framlegg: Håkon Seim Lysne for perioden 2016-2018

**b) Suppleringsval varamedlem eigenkapitalbeviseigarvalde generalforsamling**

På val: 1. Håkon Seim Lysne 2016

Framlegg: Grzegorz Stefanski for perioden 2016

**3. STYRET**

**a) Styremedlemer**

På val: Siv Enerstvedt  
Jorunn Irene A. Nilsen  
Morten Kristiansen

3 styremedlemer er på val, der:  
2 skal ha valperiode 2016-2017 og  
1 skal ha valperiode 2016

Framlegg: Siv Enerstvedt for perioden 2016  
Jorunn Irene A. Nilsen for perioden 2016-2017  
Morten Kristiansen for perioden 2016-2017

**b) Varamedlemer til styret**

På val: Sonja-Mari H. Atterås (tek ikkje attval)  
Per Stadheim  
Richard Lysne  
Anita Karlsen Bentås  
Anette Huun Jevnaker (tilsettere representant)

Etter nye vedtekter skal banken ha 2 varamedlemer til styret i tillegg til vararepresentant for dei tilsette, der:  
1 skal ha valperiode 2016-2017 og  
1 skal ha valperiode 2016.

Framlegg: 1. Richard Lysne for perioden 2016-2017  
2. Helge Rogne for perioden 2016  
Anette Huun Jevnaker (tilsettere representant)

**c) Styreleiar 2016-2017**

På val: Siri H. Lagmannsås

Framlegg: Siri H. Lagmannsås for perioden 2016-2017



#### 4. GENERALFORSAMLINGA

**a) Leiar for generalforsamlinga 2016**

På val: Anne Inge Nedrehegg (Kommunevald)

Framlegg: Anne Inge Nedrehegg for perioden 2016

**b) Nestleiar for generalforsamlinga 2016-2017**

På val: Anne Kauppi (Kommunevald)

Framlegg: Anne Kauppi for perioden 2016-2017

#### 5. VALNEMND

**a) Medlemer i valnemnda 2016-2017**

På val: Anne Inge Nedrehegg (Kommunevald)  
Niels H. Larsen (Innskytarvald)

Framlegg: Anne Inge Nedrehegg (Kommunevald) for perioden 2016-2017  
Niels H. Larsen (Kundevald) for perioden 2016-2017

**b) Varamedlemer i valnemnda 2016-2017 (1 medlem)**

På val: Stine Dokken Andersen (Innskytarvald)  
Svein Arve Myrland (Tilsettevald)

Etter nye vedtekter skal banken ha 2 varamedlemer til valnemnda, der:  
1 skal ha valperiode 2016-2017 ho/han skal veljast i 2016 og  
1 skal ha valperiode 2017-2018 ho/han skal veljast i 2017

Framlegg: Stine Dokken Andersen (Kundevald) for perioden 2016-2017

Møtet slutt kl. 11.30.

Årdalstangen 29. januar 2016.

Anne Inge Nedrehegg  
-Leiar-

Ståle Øvstetun

Malene Ålhus



INDRE SOGN  
SPAREBANK

## TILLITSVALDE I INDRE SOGN SPAREBANK

Gjeld frå 27.02.2015

Generalforsamling (forstandarskap til 08.12.2015)

Råd og utval

### KOMMUNEVALDE

#### MEDLEMER

|                     |       |   |
|---------------------|-------|---|
| John N Melheim      | 12/15 | Å |
| Anne Kauppi         | 12/15 | Å |
| Anne Inge Nedrehegg | 12/15 | L |

#### VARAMEDLEMER

|                      |       |   |
|----------------------|-------|---|
| Aleksander Øren Heen | 12/15 | Å |
| Inger Bakken         | 12/15 | L |

### INNSKYTARVALDE

#### MEDLEMER

|                          |       |   |
|--------------------------|-------|---|
| Niels H. Larsen          | 13/16 | Å |
| Stine Dokken Andersen    | 15/18 | Å |
| Bente Kristin Øien Hauge | 14/17 | L |

#### VARAMEDLEMER

|                 |    |   |
|-----------------|----|---|
| Martin Andersen | 15 | Å |
| Ragnar Sanden   | 15 | L |

### EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

#### MEDLEMER

|                 |       |
|-----------------|-------|
| Jarle M. Teigen | 14/17 |
| Odd A. Vee      | 12/15 |
| Ståle Øvstetun  | 15/16 |

#### VARAMEDLEMER

|                  |       |
|------------------|-------|
| Håkon Seim Lysne | 13/16 |
| Tor Magne Gjerde | 14/17 |

### VALDE MELLOM DEI TILSETTE

#### MEDLEMER

|                    |       |
|--------------------|-------|
| Svein Arve Myrland | 14/17 |
| Malene Ålhus       | 14/17 |
| Reidun Vikøren     | 12/15 |

#### VARAMEDLEMER

|                  |       |
|------------------|-------|
| Ingeborg Heggdal | 14/15 |
| Hilmar Bruheim   | 14/15 |

### STYRET

#### MEDLEMER

|                         |       |   |
|-------------------------|-------|---|
| Siri Lagmannsås         | 15/16 | L |
| Siv Enerstvedt          | 14/15 | Å |
| Jorunn Irene A. Nilssen | 14/15 | Å |
| Morten Kristiansen      | 14/15 | Å |
| Ingeborg Indrelid       | 15/16 | T |

#### VARAMEDLEMER

|                       |    |   |
|-----------------------|----|---|
| Sonja-Mari H. Atterås | 15 |   |
| Per Stadheim          | 15 |   |
| Richard Lysne         | 15 |   |
| Anita Karlsen Bentås  | 15 |   |
| Anette Huun Jevnaker  | 15 | T |

### KONTROLLKOMITÈ

#### MEDLEMER

|                        |       |
|------------------------|-------|
| Gunnar Hæreid          | 14/15 |
| Mona Nytnun            | 14/15 |
| Sølvi Hatlevoll Nundal | 14/15 |
| Inger Molland Bø       | 14/15 |

#### VARAMEDLEMER

|                |       |
|----------------|-------|
| Wenche Clausen | 14/15 |
| Knut Rune Bøe  | 14/15 |
| Sigfrid Eide   | 14/15 |
| Finn Gram      | 14/15 |

### Valkomitèar

#### VALNEMND (VALKOMITÈ TIL 08.12.2015)

##### MEDLEMER

|                     |       |    |
|---------------------|-------|----|
| Niels H. Larsen     | SP15  | I  |
| Anne Inge Nedrehegg | 14/15 | K  |
| Ståle Øvstetun      | 15/16 | EK |
| Malene Ålhus        | 15/16 | T  |

##### VARAMEDLEMER

|                       |       |    |
|-----------------------|-------|----|
| Stine Dokken Andersen | SP15  | I  |
| Håkon Seim Lysne      | 15/16 | EK |
| Svein Arve Myrland    | SP15  | T  |

#### VALKOMITÈ EK-BEVIS EIGARAR 01.01 - 08.12.2015

##### MEDLEMER

|                  |       |
|------------------|-------|
| Sissel Buhaug    | 14/15 |
| Tor Magne Gjerde | 14/15 |
| Ståle Øvstetun   | 15/16 |

##### VARAMEDLEMER

|                    |       |
|--------------------|-------|
| Ole Magne Hestetun | 15/16 |
|--------------------|-------|

### Leiarverv

|                                                    |                     |       |
|----------------------------------------------------|---------------------|-------|
| Leiar i generalforsamlinga:                        | Anne Inge Nedrehegg | 15    |
| Nestleiar i generalforsamlinga:                    | Anne Kauppi         | 15    |
| Leiar i kontrollkomiteen:                          | Gunnar Hæreid       | 14/15 |
| Styreleiar:                                        | Siri Lagmannsås     | 14/15 |
| Nestleiar i styret:                                | Siv Enerstvedt      | 15/16 |
| Leiar i valnemnda:                                 | Anne Inge Nedrehegg | 15/16 |
| Leiar i valkomiteen EK-bevis eigarar til 08.12.15: | Ståle Øvstetun      | 15/16 |

### Forkortingar

|    |                                       |
|----|---------------------------------------|
| K  | = kommunevald                         |
| I  | = innskytarvald                       |
| EK | = representant eigenkapitalbeviseigar |
| T  | = representant tilsette               |
| SP | = suppleringsval                      |
| Å  | = Årdal                               |
| L  | = Lærdal                              |